

Saksnr: 2019/89-1  
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

### Saksgang

Utvall	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019

### Saksframlegg

## Vedtak av retningslinjer og innstillingssnemnd til klima- og miljøpris 2020

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vel desse tre medlemene – frå eige utval, der ein vert leiar, og ein vert varemedlem, til innstillingssnemnda for klima- og miljøprisen:

Leiar: .....  
.....  
.....  
Vara:.....

2. Ungdomspolitisk utval utnemner ein representant som deltek i innstillingssnemnda.
3. Nemnda er valt for 2020 og 2021.
4. Retningslinene for tildeling av klima- og miljøprisen vert vedtatt slik dei ligg føre i saksframstillinga.
5. Fylkesutvalet gjer vedtak om kven som får tildelt prisen.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Paal Fosdal  
påtroppande fylkesdirektør for  
Strategisk utvikling og digitalisering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune sin miljøpris er ein godt etablert pris og har blitt delt ut sidan 1992. Sogn og Fjordane fylkeskommune innførte ein klima- og miljøpris i 2018 då fylkestinget vedtok Regional plan for klimaomstilling i juni 2018(FT-sak 26/18). Fyrste klima- og miljøpris for Sogn og Fjordane blei delt ut til Evoy AS i fylkestinget 24. april 2019. Retningslinjene som då blei vedtatt tok utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sine retningslinjer, og dei to prisane er i så måte nokså likt utforma. Som nytt fylke vert det naturleg å vidareføre denne prisen, og felles retningslinjer er difor utforma.

### Om klima- og miljøprisen

Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og/eller verksemder som har utmerka seg innanfor klima og miljøvern arbeid i året som gjekk, eller har vist god innsats over tid.

Prisen femner breitt. Føremålet med prisen er å inspirere og hjelpe fram klima- og miljøarbeidet i fylket. Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med ei klimaomstilling av Vestland, og motivere til vidare innsats. Klima- og miljøprisen er ein gavesjekk på 70 000 kr og eit diplom. Prisummen vert med dette auka med 20 000 kr, frå 50 000 kr som har vore prisummen i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune tidlegare.

Fylkesrådmannen meiner at utdelinga av klimaprisen bør skje i 2020, for klima- og miljøinnsats i 2019 og 2020, eller over tid. Prisen blir delt ut på fyrste fylkesting etter vedtak i fylkesutvalet.

### Søknad og handsaming

Prisen vert annonser i aviser i fylket, på [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no) og sosiale medier. Nominasjon skjer gjennom postmottak, eller via digitalt skjema på [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no). Frist for nominasjon vert sett til 28. februar 2020. Utdeling av prisen skjer i fyrste fylkesting etter vedtak i fylkesutvalet.

Innstillingsnemnda skal gå gjennom dei innkomne framlegga og vurdere dei. Nemnda kan også ta inn andre kandidatar til vurdering, t.d. kandidatar som nemnda sjølv ønsker å fremje. Hos fylkesrådmannen vil plansjefen stille med sekretær for nemnda.

Innstillingsnemnda sitt framlegg skal leggast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

### Utnemning av innstillingsnemnd

Fylkesrådmannen tilrår difor at utvalet vert satt saman av tre medlemmer frå fylkesutvalet, eit varemedlem, samt at ein representant frå Ungdomspolitisk utval. Ungdomspolitisk utval avgjer sjølve kven som deltek. Innstillingsnemnda vert valt for 2 år.

## Retningslinjer for klima- og miljøprisen

Fylkesrådmannen rår til at retningslinjene vert vedtatt slik dei ligg føre:

### Retningslinjer for tildeling av klima- og miljøprisen i Vestland fylkeskommune.

#### Føremål

Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og verksemder som har utmerka seg innanfor klima- og miljøvern arbeid i året som gjekk, eller har vist god innsats over tid. Prisen skal femne breitt. Vestland fylkeskommune kan kvart år dele ut ein klima og miljøpris på 70 000 kr og tilhøyrande diplom.

Føremålet med prisen er å synleggjere og belønne det gode klima- og miljøarbeidet i fylket.

Klima- og miljøprisen kan gå til personar, verksemder, lag og organisasjonar som:

- høyrer heime i fylket.
- viser evne og vilje til å yte aktiv klima- og miljøinnsats ut over det vanlege.
- har talent, viser kreativitet og evne til nyskapning.

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med ei klimaomstilling av Vestland, og motivere til vidare innsats.

#### Nominasjonsprosessen

Nominasjonsfrist vert 28. februar det året prisen gjeld for. Det står alle fritt til å nominerte kandidatar til den fylkeskommunale klima- og miljøprisen. Prisen vert annonsert i aviser i fylket, på [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no) og sosiale medier. Nominasjon skjer gjennom postmottak, eller via digitalt skjema på [www.vlfk.no](http://www.vlfk.no). Forsлага skal vere grunngjeve for å bli vurdert.

#### Handsaming og tildeling

Ei innstillingssnemnd utpeika av fylkesutvalet, og ein representant utpeika av ungdomspolitisk utval vurderer og innstiller kandidat(ar) til klima- og miljøprisen. Det er opp til utvalet om dei vil fremje eigne kandidatar eller velje mellom dei innkomne framlegga. Fylkesrådmannen vil halde sekretariat for nemnda.

Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den, basert på innspel på kandidat/ar fra innstillingssnemnda. Dersom klima- og miljøprisen vert delt ut til fleire personar skal prissummen fordelast på mottakarane. Dersom prisen vert delt ut til ein person som gjennom sitt arbeid i eit lag eller organisasjon blir heidra, skal premiesummen tildelast organisasjonen.

Tildelinga av klima- og miljøprisen vert offentleggjort når fylkesutvalet har gjort vedtaket sitt.

Utdelinga skjer i samband med første tingsete etter vedtak. Grunngjevinga frå fylkesutvalet vert presentert av fylkesordføraren, som også står for sjølve utdelinga.

Nominasjon skjer gjennom post til postmottak eller via eige skjema på nettsidene til fylkeskommunen.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutalet har vedtaksmynde i saker som gjeld klima, miljø og berekraft i eit regionalt heilskapsperspektiv, jamfør Reglement for folkevalde organ og delegering.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Prisen er 70 000 kr. Midlane er øyremerka i budsjettområde Klima.

**Klima:** Prisen vil skape merksemeld i media kring klima- og miljørarbeidet i fylket, og støtte aktivitet og initiativ i fylket.

**Folkehelse:** Ikkje relevant. Nokre av dei innkomne nominasjonane kan likevel ha ei positiv verknad på innbyggjarane sine levekår og livskvalitet.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi er enno ikkje vedteken, men klimaprisen er i tråd med tematikken som ligg i utfordringsbiletet som er utforma så langt. Det er 5 av 10 utfordringar klimarelaterte.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet nemner opp ei innstillingssnemnd som blir valt for to år, og vedtek retningslinjene slik dei ligg føre. Nemnda består av 4 medlemmer, tre personar, inkl. ein vara, oppnemnd av og frå fylkesutvalet og ein representant utnemnd av ungdomspolitisk utval. Nemnda skal legge fram grunnleggjene forslag til kandidat/ar til klima- og miljøprisen til fylkes-utvalet. Fylkesutvalet avgjer kven som får klimaprisen, og utdelinga skjer første fylkesting etter vedtak.